



Lars Kleppe  
Fischersveg 4  
2829 Gjøvik

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1234 - 23/14238

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@osteroy.kommune.no

Dato:  
19.06.2023

## Drangevåg Hjortevald - Svar på søknad om etablering av hjortevald. Vedtak

### VEDTAK

**Søknaden frå rettshavarane i Drangevågen Hjortevald om å skipe eige hjortevald i Osterøy kommune, vert godkjent. Vedtaket er gjort med heimel i hjorteviltforskrifta § 11 om «Godkjenning og endring av vald».**

### Saksframstilling/bakgrunn:

I søknad av 28.03.23 søker jaktrettshavarane i Drangevågen, v/Lars Kleppe, om å få godkjent feltet som eige vald frå og med hjortejakta i 2023.

Søknaden er fremja på eige skjema, med eigedomsinformasjon, kartoversyn og teljande areal for kvar eigedom. I dette høvet inngår eigedomane gnr. 101, bnr. 7, 8, 9, 10, 11 og 12, der samla, teljande areal er oppgeve til 1140 daa.

Jaktfeltet er per i dag ikkje del av noko hjortevald i Osterøy kommune.

### Formelt grunnlag

- «Lov om jakt og fangst av vilt (viltlova)»
- «Forskrift om forvaltning av hjortevilt (FOR-2016-01-08-12)»
- «Forvaltningsplan for hjort for Osterøy kommune, 2022-2025»

### Vurdering:

Søknaden om nytt vald er sendt til kommunen innan fristen 1. mai, jf. hjorteviltforskrifta § 10. Kommunen vurderer at søknaden stetter formelle krav til innhald, jf. hjorteviltforskrifta og Rundskriv M-478.

I følgje hjorteviltforskrifta § 9 andre ledd, må valdet sitt teljande areal minst svar til fastsett minsteareal for gjeldande område, som er 1000 daa. Valdet er i nedre sjikt, men stettar kravet til minsteareal.

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av kommunelova § 5-3 og delegert mynde, jf. Osterøy kommune sitt delegasjonsreglement.

**Klage:**

Det vert gjort merksam på at dette er eit vedtak gjort av kommunen som kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forvaltningslova § 28. Klagefrist er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova § 29. Klagen skal stilast til Statsforvaltaren Vestland, men sendast til Osterøy kommune. Klagen må grunngjevast. Part har høve til dokumentinnsyn, jf. forvaltningslova §§ 18-19.

Med helsing

Arnstein Øvsthus  
kommunalsjef

Tore Johan Erstad  
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.